

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 29.8.2014

Stad: Geilo, Dr.Holms Hotel

Desse møtte frå Regionrådet:

Tor Egil Buøen, Flå kommune

Tony Kjøl, Hol kommune

Torhild Helling Bergaplass, Ål kommune

Hallvor Lilleslett, Gol kommune

Tor Magnussen, Nes kommune

– Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar

– Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Anne Sandum og regionkontakt Tore Gilhuus.

– Rådmannsutvalet deltok i sak 32 - 35

I framkant av møte 08:30 – 11:00 hadde Regionrådet møte med Buskerud fylkesting.

SAK 32/14 OPPSUMERING, DRØFTING MED BAKGRUNN I MØTE MED FYLKESTINGET

Regionrådet opplevde møte med Buskerud fylkesting som svært positivt.

Tema som vart drøfta i møte med Buskerud fylkesting var ma.:.

- Korleis kan fylkeskommunen og regionen samhandle endå betre?
- Partnarskap, inkl. m.a. vidaregåande skule, kollektivtrafikk, fylkesvegar
- Samferdsel
- Nye arbeidsplassar, høgare utdanning, rammevilkår
- Hallingdal 2020
- Kommunereforma

Regionrådet vil drøfte vidare konkrete tema der fylkeskommunen kan vera ein aktiv medspelar.

SAK 33/14 FORDELINGSNØKKEL, INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Forslag til vedtak

- 1.a Fordelingsnøkkelen for kostnadene i samband med interkommunalt samarbeid skal vurderast i det einskilde tilfelle, men som hovudprinsipp gjeld fordeling etter innbyggjartal pr. 1.1. gjeldande år.
- 1.b Fordelingsnøkkelen for allereie etablerte samarbeidstak skal vurderast for det einskilde tiltak.

- 2.a Avtale i forhold til fordeling av husleigekostnadene ved eksisterande samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal, ligg som utgangspunkt fast.
- 2.b For eksisterande samarbeidstiltak som skal ha ei desentralisert løysing, skal det vurderast nødvendig areal i vertskommune og i dei andre deltagande kommunane, med tanke på å få funksjonelle og kostnadseffektive løysingar.
- 2.c Standard husleigekostnadene ved nye samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal skal som utgangspunkt kostast av vertskommunen. Det skal ved etablering av nye

samarbeidstiltak inngåast avtale om tiltaket, der spørsmålet om husleigekostnadane skal avklarast. Dersom kommunane kjem fram til eit anna resultat enn ovanståande prinsipp skal den avtalte løysinga gjelde.

Felleskostnadar skal fordelast etter fastsatt fordelingsnøkkelen.

- 3.a Kostnadsfordeling for samarbeid som er prosjektbasert eller tiltak som gjeld for kortare tidsrom skal avklarast i det einskilde tilfelle. Eigeninnsats frå deltagarkommunane skal i utgangspunktet dekkjast av den einskilde kommunen.

Hallvor Lilleslett fremma følgjande forslag til vedtak:

- 2a Avtale i forhold til fordeling av husleigekostnader ved eksisterande samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal: Husleigekostnaden skal dekkast av vertskommunen.
- 2c Avtale i forhold til fordeling av husleigekostnader ved nye samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal: Husleigekostnaden skal dekkast av vertskommunen.

Avstemming

- Forslag til vedtak pkt. 1a og 1b samrøystes
- Forslag til vedtak pkt. 2 a fekk 3 røyster og forslag til vedtak frå Hallvor Lilleslett fekk 2 røyster
- Forslag til vedtak pkt. 2b, samrøystes
- Forslag til vedtak pkt. 2 c fekk 3 røyster og forslag til vedtak frå Hallvor Lilleslett fekk 2 røyster
- Forslag til vedtak pkt. 3a, samrøystes

Vedtak

- 1.a Fordelingsnøkkelen for kostnadene i samband med interkommunalt samarbeid skal vurderast i det einskilde tilfelle, men som hovudprinsipp gjeld fordeling etter innbyggjartal pr. 1.1. gjeldende år.
- 1.b Fordelingsnøkkelen for allereie etablerte samarbeidstak skal vurderast for det einskilde tiltak.
- 2.a Avtale i forhold til fordeling av husleigekostnader ved eksisterande samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal, ligg som utgangspunkt fast.
- 2.b For eksisterande samarbeidstiltak som skal ha ei desentralisert løysing, skal det vurderast nødvendig areal i vertskommune og i dei andre deltagande kommunane, med tanke på å få funksjonelle og kostnadseffektive løysingar.
- 2.c Standard husleigekostnader ved nye samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal skal som utgangspunkt kostast av vertskommunen. Det skal ved etablering av nye samarbeidstiltak inngåast avtale om tiltaket, der spørsmålet om husleigekostnadene skal avklarast. Dersom kommunane kjem fram til eit anna resultat enn ovanståande prinsipp skal den avtalte løysinga gjelde.
Felleskostnadar skal fordelast etter fastsatt fordelingsnøkkelen.
- 3.a Kostnadsfordeling for samarbeid som er prosjektbasert eller tiltak som gjeld for kortare tidsrom skal avklarast i det einskilde tilfelle. Eigeninnsats frå deltagarkommunane skal i utgangspunktet dekkjast av den einskilde kommunen.

SAK 34/14 HALLINGKOST, ORIENTERING OM STATUS OG PLANAR

Styreleiar i Hallingkost Tove Sletto Medhus orienterte om Hallingkost, status og planar (presentasjon vedlagt).

For å nå Hallingkost sine mål må dagens innsats oppretthaldast.

Det vil vera aktuelt med søknad om økonomisk støtte frå kommunane.

SAK 35/14 EVENTULETDet store Pulsslaget

Anne Kristin Medhus, dagleg leiar i Det stor Pulsslaget (www.pulsslaget.no), saman med Inger Lill Solberg, Gry Herland og Mona Østdahl Gulsvik, presenterte «Det store Pulsslaget», vedlagt presentasjon.

Det store Pulsslaget er ei aktivitetskonkurranse mellom bedrifter/kommunar og event. mellom regionar.

Formålet er m.a.:

- Aktive tilsette
- Redusert sjukefråvær
- Profilere/marknadsføre bedrifter, kommunar, regionen
- Bli kjent med det lokale næringslivet.
- Gjera noko sosialt saman med kollegaer

HallingExpo vil utfordre sine medlemsbedrifter og kommunane i Hallingdal vart utfordra til å vera med. Hemsedal kommune er allereie påmeldt.

Visit Hallingdal

Tony Kjøl vil på vegne av ordførarane be om eit eigarmøte.

Ekstra regionrådsmøte

Fredag 5.9.2014, Nesbyen

SAK 36/14 GODKJENNING AV PROTOKOLLVedtak

Protokollen er godkjent.

Geilo 29.8.2014

Tor Egil Buøen, Flå kommune

Tony Kjøl, Hol kommune

Torhild Helling Bergaplass, Ål kommune

Hallvor Lilleslett, Gol kommune

Tor Magnussen, Nes kommune

Vedlegg:

- Sak 34/14 - Presentasjon Hallingkost
Sak 35/14 - Det store Pulsslaget